

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.03.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan tannhelse og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at det har gått med ein god del fleire timar til denne forvaltningsrevisjonen enn det som ligg i den godkjende prosjektplanen. Deloitte vil levere eit notat til neste møte der dei gjer greie for årsaka til meirforbruket og kor mange ekstra timar dei ber om å få dekkja.

Klaus Iversen (V) foreslo at det bør lagast generelle retningslinjer for korleis ein skal handtere situasjonar der det viser seg at revisor ikkje klarer å halde timeramma i godkjend prosjektplan. Kontrollutvalet slutta seg til dette og ber sekretariatet komme med forslag til slike retningslinjer.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte levere eit notat til sekretariatet innan 19.04.2021, der dei gjer greie for meirarbeidet dei har hatt med forvaltningsrevisjon innan tannhelse, og kor mange ekstra timar dei ber om å få dekkja. Dette skal leggjast fram som sak i kontrollutvalet i møte 10.05.2021.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet legge fram forslag til generelle retningslinjer for korleis ein i framtida skal handtere situasjonar der det viser seg at revisor ikkje klarer å halde timeramma i godkjend prosjektplan.
3. Kontrollutvalet tek informasjonen elles til orientering.